

Per Undheim

Dato: 26.03.2015
Vår ref.: 2014/559-15
Dykkar ref.:

Fråvær Anniken Strønen Riise - 24.03.2015

Anniken Strønen Riise vart vald som medlem i Ungdommens fylkesutval 15.02.2015. Dette utvalet er vald av Ungdommens fylkesting for å jobbe med deira politikk mellom møta, blant anna å følgje opp administrasjon og dei politiske organa til Hordaland fylkeskommune.

Det vart arrangert ein Dialogdag for Ungdommens fylkesutval 24.03.2015, der utvalet skulle møte administrasjon og politikarar for å opprette ein god dialog for perioden. Dei fekk blant anna møte fylkesdirektør for opplæring Svein Heggheim, fylkesdirektør for regional Bård Sandal, fylkesrådmann Rune Haugsdal, utvalsleiar for opplæring og helse Roald Stenseide og utvalsleiar for samferdsel Gustav Bahun, i tillegg til konstruktive møter med andre tilsette i administrasjonen. Dagen var ein stor suksess og medlemene i Ungdommens fylkesutval fekk innføring i fylkespolitikken på ein konkret og praktisk måte. Samt ein innføring i kommunereformen etter stortingsmeldinga frå fredag 20.03.2015 som handlar om oppgåver til kommunane frå fylkesrådmannen.

Anniken Strønen Riise deltok på møtet, men vart dessverre sjuk halvvegs og var nøydd til å gå heim. På tross av det trur eg at ho fekk mykje ut av den tida ho var her.

Ved spørsmål er det berre å ta kontakt med undertteikna.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Anniken Strønen Riise